

# Mal for grunneigaravtale

## AVTALE

mellom

**XXXXXXXXX Kommune/verksemd**

og

**XXXXXXXXXXXXXXXXXXXXX**

Eigar av g.nr. xx / b.nr. xx i xxxxxxxx kommune

Person nr. 11 siffer: \_\_\_\_\_

### 1. AVTALEN GJELD

Avtalen gjelder løyve og framtidig rett til vedlikehald for xxxxxxxxxx til å leggja kummar (vatn og/eller avløp), leidningar for vatn og/eller avløp, bygge høgdebasseng, pumpeastasjon(vatn og/eller avløp) og veganlegg i tilknytning til høgdebassenget og/eller pumpeastasjon på g.nr. xx / b.nr. xx i xxxxxxxx kommune i samsvar med vilkår i denne avtalen og vedlagt kart som viser planlagt plassering.

### 2. LEIDNINGSANLEGG

Planlagt leidningstrase er vist på vedlagt kart. Eventuelle endringar av traseen skal takast opp med grunneigar. I grøfta skal leggjast røyr for vatn og eller avløp. Samla grøftelengde over g.nr. xx / b.nr.xx er ca xxxxx meter. Kummar vert plassert slik dei er vist på leidningsplanen og skal tilpassast terrengnivå.

### 3. VEGANLEGG OG PARKERING.

Vegtrase er vist på vedlagt kart. Eventuelle endringar på vegtrasen skal takast opp med grunneigar. Samla veglengde over g.nr.xx / b.nr. xx er på ca xxxx meter. Bredde på ferdig veg er 3,5 meter.

Xxxx kommune/verksemd lagar parkering som vist på teikning for ..... bilar langs veg opp mot basseng/pumpeastasjon. Som vederlag for dette skal grunneigar ha avkjørsle til teig som vist på teikning, veg og parkering opp mot bom skal ha dekke av asfalt.

#### **4. HØGDEBASSENG.**

Planlagt høgdebasseng er vist på vedlagt kart. Areal til høgdebassenget på g.nr.xx / b.nr.xx er ca xxxxx kvadratmeter.

Botn på høgdebassenget blir på kote ??? og bassenget har eit volum på ca. ??? m<sup>3</sup>. Diameter på bassenget vert ??? meter.

#### **5. PUMPESTASJON (vatn og/eller avløp)**

Pumpestasjonen skal plasserast på g. nr xx b nr yy som vist på kart. Areal til pumpestasjonen på g.nr.xx / b.nr.xx er ca xxxxx kvadratmeter.

For avløpspumpestasjonar gjeld spesielt at nødvendig tiltak for luktulemper skal iverksetjast.

#### **6. VEGRETT.**

Eigar av g. nr. xx / b. nr. xx har bruks- og eigedomsrett til vegen, også for framtidige tomter fråskilt frå hovudbruk.

#### **7. FERDIGSYNFARING**

Etter at anlegget er ferdig skal det haldast ferdigsynfaring mellom grunneigar og xxx kommune/verksemd. Det skal førast protokoll for synfaringa.

#### **8. ANDRE VILKÅR.**

Området der veg og høgdebasseng ligg skal framleis tilhøyra grunneigar. Grunneigar kan ikkje plante eller byggja nærare enn 4 – fire – meter frå offentleg vass- og avløpsanlegg utan at det vert gjort særskilt avtale med xxxx kommune /verksemd om dette.

Xxx kommune/verksemd har rett til tilkomst med tilhøyrande vegrettar for seinare drift, vedlikehald og utbetring av leidningsnett, kummar og tekniske installasjonar. Om det i framtida vert behov for oppgraving av leidningsnettet skal dette skje i samråd med grunneigar.

Eksisterande installasjonar på eigedomen som gjerder, stikkrenner, avkjørsle og liknande som vert berørt av anleggsarbeidet skal setjast i same stand som før arbeidet starta.

Xxx kommune/verksemd har ansvaret for eventuell skade i samband med anleggsarbeidet.

Etter at arbeidet er ferdig skal området der anleggsarbeidet er utført planerast, tilordnast og såast til.

Grunneigar skal ha all tømmer som vart felt på tomta kjørt til bustadhuset sitt på xxxxxxxxxxxx.

Når anlegget er ferdig skal xxx kommune/verksemd montere vegbom på vegen opp mot basseng, grunneigar skal ha tilgang til nøkkel til bommen.

Denne avtalen kan xxx kommune/verksemd tinglysa på g.nr. xx / b.nr. xx.

## 8. ERSTATNING / OPPGJER

Det skal betalast ulempeerstatning med kr xx pr. løpometer grøft inklusive kummar, sum kr xxxx,-  
For veg i utmark betalast ulempeerstatning med kr xx pr. løpometer, sum kr xxxxx,- og for  
parkeringsplass kr xxxx,-  
Tomt til høgdebasseng/pumpestasjon i utmark betalast ulempeerstatning med kr xxxxxxx,-

Ulempeerstatninga er ei eingongsutbetaling for dei vilkåra som omfattast av denne avtalen.

Kr.xxxxxxx,- utbetalast til grunneigar som a – konto seinast 30 dagar etter at denne avtalen er  
underskrive og prosjektet er byggegodkjend av xxxxx kommune. Endelig oppgjer finn stad etter  
oppmåling når anlegget er fullført.

Denne avtalen er utarbeidd i 2 – to – originale eksemplar, eitt til kvar av partane.

**Stad xx.xx.20xx**

**Stad xx.xx. 20xx.**

For xxxxxxxxx kommune/ verksemd

For grunneigar

Namn

Eigar av g.nr. xx / b.nr. xx